

Åpning av det 128. ordentlige Storting.

President: Per Hysing-Dahl.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Konelige Høyhet Kronprinsen seg mandag den 3. oktober kl. 13 i stortingssalen ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 128. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil bygge videre på grunnsyn og retningslinjer i fellesinnstillingen av 1981 fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet og den erklæring som ble avgitt ved Regjeringens omdannelse i juni i år. Den vil særlig legge vekt på:

- Å arbeide for sikkerhet, avspenning og fred.
- Å styrke sysselsettingen og velferdssamfunnet og skape ny vekst i landets økonomi.
- Å styrke de grunnleggende verdier i samfunnet.
- Å sikre medinnflytelse og selvstendighet for enkeltmennesker, bedrifter og lokalsamfunn.

Norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk vil bygge videre på et nært samarbeid i NATO, et sterkt forsvar og aktiv innsats i FN. Samarbeidet mellom de nordiske land og i EFTA bygges videre ut og kontakten med EF styrkes. Det vil bli lagt vekt på gode naboforhold til Sovjetunionen.

Innsatsen for rustningskontroll og nedrustning vil fortsatt være en sentral del av sikkerhetspolitikken. Målet er å oppnå større sikkerhet med mindre styrker, med særlig vekt på reduksjoner i atomstyrkene.

Det vil bli arbeidet aktivt for å styrke det internasjonale vern om menneskerettigheten. Hjelpearbeidet for flyktninger vil bli ført videre.

Norge vil gå inn for å styrke det internasjonale samarbeid for å bedre levevilkårene i utviklingslandene.

Regjeringen vil foreslå å øke bevilgningene til utviklingshjelp og arbeide videre for å gjøre den mest mulig effektiv. Det vil bli fremlagt en melding om hovedprinsippene for

norsk utviklingshjelp.

Norge vil føre videre sin aktive innsats for internasjonalt samarbeid for å bekjempe arbeidsløsheten og motvirke begrensninger i fri handel og skipsfart.

Regjeringens økonomiske politikk har som hovedmål å trygge sysselsettingen og sikre grunnlaget for velferdssamfunnet. Lav prisstigning og bedre konkurranseevne er viktig for å oppnå dette. Det er derfor nødvendig å begrense stigningen i de offentlige utgifter, og satse på konkurranse for å holde prisene nede.

Så lenge de grunnleggende økonomiske problemer ikke er løst, er det grunn til å frykte fortsatt arbeidsløshet. Derfor vil det bli ført en aktiv arbeidsmarkedspolitikk for også på kort sikt å bekjempe disse problemene.

Regjeringen vil fremme forslag om lettelser i bedriftsbeskatningen og stimulere forskning og andre tiltak som ytterligere kan fremme nyskapning og teknologisk utvikling i næringslivet. Det vil bli foreslått reelle skattelettelser både for å bedre barnefamilienes økonomi og bidra til et moderat inntektsoppgjør, som styrker arbeidsplassene.

Regjeringen vil føre en aktiv distriktpolitikk med særlig vekt på å styrke næringsgrunnlaget i Nord-Norge. Den vil fremme forslag med sikte på omstilling og lønnsomhet og dermed tryggere arbeidsplasser og et mer variert næringsliv på utsatte industristeder. Det vil bli lagt vekt på at næringspolitikken bedrer vilkårene for de små og mellomstore bedrifter.

Det fremtidige omfang av petroleumsvirksomheten vil bli drøftet i en stortingsmelding. Regjeringen vil arbeide for at oljevirksomheten blir utnyttet som vekstfaktor for norsk arbeids- og næringliv. Oljeaktiviteten nord for Stad økes. Det legges stor vekt på de hensyn som må tas til fiskeriene og sikkerheten.

Det vil bli fremmet forslag om reformer i statens deltagelse i petroleumsvirksomheten som sikrer den folkevalgte styring og kontroll, og samtidig støtter utviklingen av kvalifiserte og uavhengige norske oljemiljøer.

Kraftbehovene vil bli søkt dekket både ved nye kraftverksprosjekter i samsvar med tidlige fremlagte retningslinjer, og ved sterk vekt på energiøkonomisering. Det vil bli foreslått endringer i Norges vassdrags- og elektrisitetsvesens organisasjon.

Det vil bli fremmet stortingsmelding om en norsk luftfartsplan, om utbygging av teletjenester samt en tilleggsmelding om jernbane-politikken. Arbeidet for endringer i samferdselsloven og vegtrafikkloven vil bli videreført.

Landbrukspolitikken vil bli ført videre etter de hovedlinjer som Stortinget har trukket

opp. Det vil bli fremmet en melding om skogbrukspolitikken.

Med utgangspunkt i fiskerinæringens avgjørende betydning for bosetting og sysselsetting i kystområdene vil Regjeringen arbeide videre for å styrke næringens lønnsomhet. Det vil bli lagt vekt på tiltak som sikrer ressursgrunnlaget og nødvendig omstilling og tilpasning i næringen. Det vil bli foreslått endringer i lov om oppdrett av fisk.

Regjeringen vil arbeide aktivt både nasjonalt og internasjonalt for å begrense sur nedbør og andre forurensninger. Regjeringen vil legge vekt på en bedre forvaltning av naturressursene, styrke mulighetene for friluftsliv og hyttebygging, og bedre vernet av kulturminner og natur.

Det vil bli fremlagt forslag til ny lov om arealplanlegging og om endringer av erstatningsbestemmelsene i naturvernloven.

Kampen mot alle former for kriminalitet vil bli styrket. Arbeidet med å effektivisere rettsvesen, politi og lensmannsetat vil fortsette. Bekjempelse av vold og prostitusjon vil fortsatt bli prioritert. Det vil bli utprøvet nye reaksjonsformer overfor unge lovovertrredere.

Det vil bli fremlagt stortingsmeldinger om Vernepliktutvalgets innstilling og om politiutdanningen og forslag om revisjon av fremmedlovgivningen.

Boliginvesteringene vil bli holdt på et høyt nivå, og byfornyelse og utbedring prioritert. Det vil bli lagt vekt på en sosial profil i støtteordningene i boligfinansieringen. Arbeidet med forenkling og forbedring av bygningslov, bygeforskrifter og boliglovgivning vil stå sentralt.

Regjeringen vil arbeide for en bedre samordning og forenkling av statlige tiltak og regelverk som retter seg mot kommuner og fylkeskommuner. Det vil bli fremlagt forslag til nytt og enklere inntektssystem for kommuner og fylker, som vil styrke det kommunale selvstyret.

Det vil bli fremlagt en stortingsmelding og endringsforslag vedrørende arbeidsmiljøloven. Regjeringen vil fortsette arbeidet for økt produktivitet. Arbeidet med å forenkle og forbedre lover og regler vil bli ført videre.

Regjeringen vil legge vekt på trygge og gode oppvekstvilkår for barn, og stimulere barnehageutbyggingen. Arbeidet for å fremme likestilling mellom kvinner og menn vil bli ført videre, med særlig vekt på utdanning og arbeidsliv. Regjeringen vil arbeide for å styrke ekteskapet og lette barnefamilienes stilling. Familiepolitikken vil bli drøftet i en stortingsmelding.

Arbeidet for å trygge og utvikle velferdssamfunnet er en hovedoppgave. Det vil bli

lagt vekt på at sosiale ytelsjer først og fremst skal gå til dem som har størst behov. Det vil bli lagt stor vekt på arbeidet for bedre omsorg for de eldre, og det vil bli fremlagt forslag om spesialisthelsetjenesten, ambulansetjenesten og syketransport. Kampen mot narkotika og alkoholmis bruk vil bli ført videre.

Det vil bli lagt frem en handlingsplan for ungdomstiltak.

Arbeidet med reformer i Den norske kirke vil fortsette.

Skolens faglige og sosiale innhold vil bli styrket, med særlig vekt på grunnleggende kunnskaper, ferdigheter og holdninger. Opplæring i arbeidslivet og annen yrkesopplæring vil bli bygget videre ut.

Det vil bli fremmet meldinger om voksenopplæring, videregående opplæring og EDB-undervisning i skolen. Forslag til ny lov om folkehøyskoler og endringer i privatskoleloven vil bli fremlagt.

Regjeringen vil legge frem melding om høyere utdanning og lovforslag om private høyskoler og om velferd for elever og studenter. De teknologiske og økonomisk-administrative studier vil bli styrket. Arbeidet for en utvidet og mer effektiv forskningsinnsats vil bli videreført.

Regjeringen vil arbeide for å styrke samisk språk og kultur.

Regjeringen vil fremme meldinger om filmpolitikk, kulturpolitikk, nærradio og kabelfjernsyn. Arbeidet for større mangfold og valgfrihet i kringkastingstilbudet vil bli videreført.

Regjeringen vil oppmuntre til økt frivillig engasjement og ansvar i samfunnet, og delegering og desentralisering av arbeidsoppgaver.

Regjeringen vil oppfordre og medvirke til et best mulig samarbeid mellom partier og organisasjoner i arbeidet for å styrke sysselsettingen og velferdssamfunnet.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 128. ordentlige Storting åpent.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Reidun Brusletten:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding:

Noreg har teke aktivt del i det mellomfolkelege samarbeidet for å sikre fred, tryggleik og reell avspenning.

NATO-medlemskapen er framleis grunnla-

get for Noregs tryggings- og forsvarspolitikk. Det forpliktande allierte fellesforsvaret og Noregs nasjonale forsvarsinnsats sikrar norsk tryggleik og sjølvråderett.

Regjeringa har lagt vekt på å ta aktivt del i samarbeidet i Dei sameinte nasjonane og på samarbeidet i særorganisasjonane i FN på dei ulike fagområde som desse dekkjer. Saman med dei andre nordiske landa har Regjeringa levert ein rapport til generalsekretæren i FN med framlegg som tek sikte på å styrke verdsorganisasjonen. Rapporten vil bli følgd opp under generalforsamlinga i haust.

Det nære samarbeidet mellom dei nordiske landa er ført vidare, og ein har lagt vekt på å halde ved lag og styrke sambandet ytterlegare.

Regjeringa har også lagt vekt på å føre vidare det gode samarbeidet mellom landa i Vest-Europa og Nord-Amerika, både tosiktig og gjennom dei samarbeidsorganisasjonane som er skipa. For samarbeidet med dei europeiske landa har m.a. Europarådet, OECD og EFTA stått sentralt.

Regjeringa har sett det som særleg viktig å bygge ut kontaktane med det utanrikspolitiske samarbeidet mellom EF-landa (EPS). Ordninga med samarbeidsmøte på høgt politisk nivå om økonomiske spørsmål mellom Noreg og EF-kommisjonen har halde fram. Kontaktane med EF er vortne utbygde og styrkte på dei ulike fagområda.

Regjeringa har lagt vekt på å halde oppe eit godt nabotilhøve til Sovjetunionen, og på å halde ved like stabiliteten i vår del av verda.

Som ledd i arbeidet for å betre aust-vest-forholdet har Noreg målmedvete arbeidd for at Sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE) skal bli sett i verk på ein balansert måte av alle statane som var med. Noreg har teke aktivt del i drøftingane på oppfølgingsmøtet i Madrid, og har arbeidd for eit sluttdokument som kan gje reell framgang i aust-vest-forholdet.

Den vellykka avslutninga på møtet kan medverke til ei meir positiv internasjonal utvikling. Ved å ta del i den vestlege forhandlingsgruppa har Noreg gjort sitt til at ein på KSSE-oppfølgingskonferansen kunne semjast om eit mandat for ein konferanse om tillitskapande tiltak og nedrusting i Europa (KNE) i Stockholm frå januar 1984.

Rustingskontroll og nedrusting er ein viktig del av Noregs tryggingspolitikk. Målet for Regjeringa har vore å oppnå tryggleik på eit styrkenivå som er lågast mogleg. På dette grunnlaget har Noreg teke aktivt del i rådføringar og drøftingar om rustingskontroll og nedrusting i NATO, KSSE, MBFR, FN og andre internasjonale fora. Regjeringa har i

samband med dette særleg lagt vekt på tiltak for å redusere talet på kjernevåpen og den rolla dei spelar i tryggingspolitikken til dei einskilde statane. Hit høyrer tiltak for å hindre spreiing av kjernevåpen og tillitsskapande tiltak som omfattar kjernevåpen. Regjeringa har halde fram at NATO bør vere så lite avhengig av kjernevåpen som mogleg, og har i den samanhengen peikt på at ein betre konvensjonell styrkebalanse vil minske risikoene for tidleg bruk av kjernevåpen og styrke NATOs evne til å hindre krigsutbrott.

Etter Regjeringa sitt syn er det forhandlingane i Genève mellom Sambandsstatane og Sovjetunionen om kjernefysiske mellomdistansevåpen (INF) som i dag gjev størst von om reelle reduksjonar og avgrensingar i talet på slike våpen. Under dei omfattande allierte rådføringane om det vestlege forhandlingsoppdragget har Noreg gått inn for at forhandlingsmålet bør vere ei fullstendig nedbygging av mellomdistanserakettar av denne typen. Men frå norsk side har ein samstundes halde fram at det vil vere eit steg i rett lei om ein får i stand ei avtale som gjensidig avgrensar utplasseringa av slike rakettar på eit nivå som er lågast mogleg.

I samband med dei amerikansk-sovjetiske forhandlingane i Genève om reduksjon av strategiske kjernevåpen (START) har Regjeringa streka under at det er ønskjeleg at partane i desse forhandlingane blir samde om monalege reduksjonar av desse våpnna. Det kan skape større stabilitet i tilhøvet mellom Sambandsstatane og Sovjetunionen, og ha ein gunstig verknad på aust-vest-forholdet generelt. Regjeringa har støtt framlegg om tillitsskapande tiltak på det kjernefysiske området i samband med START-forhandlingane.

Regjeringa har aktivt støtt forhandlingane i Wien om gjensidige og balanserte styrkeredusjonar i Sentral-Europa (MBFR). Frå norsk side har ein lagt vekt på at ei avtale på dette feltet kan vere med på å skape ein betre konvensjonell styrkebalanse i Europa og ha ein gunstig verknad på andre freistnader på rustingskontroll og nedrusting og på aust-vest-forholdet generelt.

Regjeringa har også lagt stor vekt på arbeidet for rustingskontroll og nedrusting i FN og i Nedrustingskomiteen i Genève (CD). Som eit bidrag til dette arbeidet har ein m.a. gått inn for å auke den norske eksperthjelpa til drøftingane i Nedrustingskomiteen.

Både i FN-samanheng og på det nasjonale planet er det gjeve stønad til informasjons- og forskningsarbeidet om tryggingspolitiske spørsmål, her medrekna rustingskontroll og nedrusting. Stønaden har også omfatta tilskott til Verdkampanjen for nedrusting.

Regjeringa har arbeidd aktivt for å styrke vernet om dei fundamentale reglane for mellomfolkeleg samkvem.

Noreg har konsekvent hevdat at konfliktane i Mellom-Amerika berre kan løysast ved forhandlingsbordet, og vi har støttet det initiativet som er teke av Mexico, Colombia, Venezuela og Panama.

Noreg tek framleis del i FN-styrken i Libanon (UNIFIL) trass i at styrken ikkje har fått høve til å fungere i samsvar med mandatet sitt. Regjeringa støttar arbeidet for å sikre sjølvstende og territorial integritet for Libanon som eit viktig steg på vegen mot ei løysing av Midtausten-problemet.

Utviklinga i det sørlege Afrika har framleis gjeve grunn til stor uro. Regjeringa har i ulike internasjonale fora prøvd å gjere sitt til at FN-planen om fridom og sjølvstende for Namibia snarast kan gjennomførast. Sør-Afrika har hovudansvaret for at ein enno ikkje har funne ei løysing, og Regjeringa har derfor gått inn for at det internasjonale presset på Sør-Afrika må haldast oppe.

Noreg har halde fram med den humanitære hjelpa til flyktningane frå Sør-Afrika og Namibia og til ofra for apartheid-politikken. Omfattande hjelp er også gjeven til flyktningar i mange andre land. Ein har m.a. framleis garantert for innreise til Noreg for vietnamesiske båtflyktningar som blir tekne opp av norske skip.

Slike garantiar er gjevne til i alt 5 638 personar. Medrekna familiær som har fått flytte saman att, er det komme over 4 000 flyktningar til Noreg.

Noreg tek også mot politiske flyktningar frå m.a. Latin-Amerika, Aust-Europa og Afrika.

Den heller store auken av stønaden til internasjonal nødhjelp har halde fram. Stønaden blir fordelt omtrent likt på internasjonale og norske frivillige organisasjoner.

Noreg har engasjert seg aktivt i arbeidet for å styrke og effektivisere det internasjonale menneskerettsvernet og for å hindre brott på menneskerettane. Representantar for Regjeringa har i internasjonale fora teke opp menneskerettssituasjonen i land der tilhøva er haldne for å vere spesielt graverande, som i El Salvador, Guatemala, Afghanistan og Iran. Den skarpe holdninga mot apartheid-politikken i Sør-Afrika er også ført vidare. Europarådet har teke opp til behandling den klagen mot Tyrkia for brott på menneskerettane i landet som Noreg saman med Danmark, Frankrike, Nederland og Sverige levte 1. juli 1982.

Frå norsk side har ein vidare engasjert seg sterkt i arbeidet med å fremje interessene til urfolka i internasjonal samanheng, m.a. under

FNs 2. verdskonferanse for tiltak mot rasisme og rasediskriminering i Genève i august 1983.

Innanfor ramma av det mellomstatlege samarbeidet som Noreg tek del i, heldt ein fram med arbeidet for å fremje likestilling mellom kjønna i samsvar med dei retningslinjene som er utarbeidde for dette formålet.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrke samarbeidet med land i den tredje verda, her medrekna utviklingsland i Afrika, Asia, Midtausten, Latin-Amerika og i det karibiske området.

Samarbeidet med utviklingslanda når det gjeld utviklingshjelp og anna økonomisk samarbeid, er ført vidare i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har sluttet seg til.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1982 på i alt 3 610 millionar kroner, medrekna dei administrative utgiftene. Dette er ein auke frå 1981 på 927,4 millionar kroner eller 34,6 prosent. Noreg er eit av dei få landa som oppfyller FNs målsetjing om offentlege overføringar på 0,7 prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP) til utviklingsland. Rekna i prosent av BNP svarte nettohjelpa til heile 1,01 prosent i 1982 mot 0,82 prosent i 1981. Den store auken til over 1 prosent av BNP har samanheng med eit høgare løvingsnivå, meir presise overslag av BNP då løvingane vart fastlagde og betre utnytting av stønadsmidlane som stod til rådvelde i 1982.

Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1982 gjekk 58,3 prosent til tosidige og 41,7 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1981 var 55,8 prosent og 44,2 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 7,1 prosent administrert til internasjonale organisasjoner, mot 7,2 prosent i 1981.

Det nordiske hjelpesamarbeidet er ført vidare i 1982.

Den største delen av hjelpa til hovudsamarbeidslanda er gjeven som finansiell og fagleg stønad til utviklingsprogramma i landa, eller som vare- og importstønad. Det er også i 1983 inngått ei rekke avtaler om slik stønad med desse landa.

I Tanzania, Noregs viktigaste hovudsamarbeidsland, er samarbeidet konsentrert om kysttransport og energiutvikling, medan det i Zambia, særleg omfattar vassforsyning, bygdeutvikling og utbygging av telekommunikasjonsnett. Hovudsektorane i Botswana er helsetenester og distriktsutvikling. I Kenya blir arbeidet konsentrert om eit omfattande distriktsutviklingsprogram i Turkana-provinsen. I Mosambik er den norske innsatsen særleg retta mot kraftforsyning og varehjelp.

Utanom hovudsamarbeidslanda vil ein spesielt nemne engasjementet til Kirkens Nødhjelp i Sudan, der det for perioden 1983–86 vil bli gjeve i alt 128 millionar kroner i statleg stønad til eit distriktsutviklingsprogram i Sør-Sudan.

I samband med at Zimbabwe vart sjølvstendig, vart det vedteke at Noreg skal gje stønad i etableringsfasen. Hjelpa til Zimbabwe er i hovudsak stønad til utbygging av vassforsyninga på landsbygda og oppbygging av eit meierikooperativ.

Hjelpesamarbeidet med Portugal er i ferd med å bli avslutta med bygginga av eit større fiskemottak med kjøle- og fryseanlegg på Madeira.

Noreg står aktivt det regionale samarbeidet som ni land i det sørlege Afrika innleide i 1980 med sikte på å gjøre seg mindre økonomisk avhengige av Sør-Afrika. Noreg førebuar, saman med dei andre nordiske landa, ein felles hjelpeinnsats i Namibia så snart landet blir sjølvstendig.

Noregs utviklingshjelp til dei fire asiatiske hovedsamarbeidslanda blir særleg brukt til varehjelp og importstønad.

Noreg og India har inngått ei avtale om samarbeid på miljøvernombordet.

Når det gjeld Vietnam, skal det norske engasjementet vere avslutta i 1984. Ein har planar om at oljeopplæringsenteret skal overførast til FNs utviklingsprogram (UNDP).

Det er inngått avtale med Den dominikanske republikken om å fylle på fondet som skal dekkje norske konsulenttenester i landet.

Noreg er som før mellom dei land som yter mest til internasjonale hjelpeorganisasjonar. Størstedelen av den fleirsidige hjelpa går gjennom FNs ulike hjelpekanalar, der Noreg skyt til vel 3 prosent av dei totale ressursane. I 1982, som tidlegare år, gjekk omlag 40 prosent av norsk multilateral hjelp til FNs utviklingsprogram (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

Frå norsk side har ein engasjert seg sterkt i dei førebuande drøftingane om å få i gang globale forhandlingar i FN om internasjonalt økonomisk utviklingssamarbeid. Desse drøftingane har dessverre enno ikkje ført til noko endeleg vedtak om å få sett i gang slike forhandlingar.

Noreg er for treårsperioden 1981–83 valt inn som medlem av FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC).

Noreg arbeider for at FNs organisasjon for industriell utvikling (UNIDO) så snart som mogleg blir omdanna til ein særorganisasjon innan FN-systemet og for at UNIDO aukar hjelpa til utviklingslanda.

Noreg ratifiserte 30. juni 1983 Den internasjonale kaffeavtala av 1983 og Den internasjonale avtala om jute og juteprodukt av 1982. Begge avtalene inngår i UNCTADs integrerte råvareprogram. 24. juni 1983 ratifiserte Noreg protokollane om vidare forlenging av Kveitehandelskonvensjonen av 1971 og Matvarehjelpkonvensjonen av 1980. Desse konvensjonane utgjer til saman Den internasjonale kveiteavtala.

Noreg tok aktivt del i UNCTAD VI-konferansen i Beograd i juni 1983. Noreg hadde her spesielt ansvar som talmann for OECD-landa. Ein må vedgå at det vart oppnådd heller lite på konferansen.

I OECD har Noreg gått inn for at medlemslanda skal føre ein meir aktiv politikk mot arbeidsløysa, samtidig som ein prøver å halde inflasjonen i medlemslanda under kontroll. Noreg har arbeidd for å halde oppe det frie handelssamkvemmet og motverke proteksjonistiske tendensar.

Noregs engasjement i det europeiske teknologiske og vitskaplege prosjektarbeidet mellom EF, EF-land og vesteuropeske land som ikkje er medlemmer av EF, har vore aukande.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale energisamarbeidet, m.a. innanfor FN-systemet og i Det internasjonale energibyrået (IEA). I dette arbeidet har ein prioritert tiltak som tek sikte på energisparing og utnytting av andre energiressursar enn olje. Noreg har også aktivt teke del i arbeidet med energispørsmål i FNs økonomiske komité for Europa (ECE), og i den nyleg skipa mellomstatlege FN-komiteen for nye og fornybare energiressursar som heldt første møtet sitt i april 1983.

Noreg skreiv under FN-konvensjonen om folkeretten for havet den 10. desember 1982. Konvensjonen har vedtak om m.a. breidda på sjøterritoriet, økonomisk sone, yttergrensene for kontinentalsokkelen, avgrensing av kontinentalsokkelen og økonomisk sone mellom nabostatar og skipinga av ein internasjonal organisasjon til å forvalte mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare inneheld konvensjonen reglar for korleis ein skal løyse tvister som måtte oppstå i samband med gjennomføringa av den.

Arbeidet med nymerking av visse delar av den norsk-sovjetiske grensa held fram.

Presse-, informasjons- og kulturarbeidet overfor utlandet er ført vidare, m.a. ved at kulturavtalene med India, Bulgaria, Jugoslavia, Romania, Hellas, Italia, Nederland og Forbundsrepublikken Tyskland er vortne fornya i form av treårige arbeidsprogram. Personutvekslinga er også ført vidare.

Regjeringa har freista å motarbeide tendensane til proteksjonisme i internasjonal handel og skipsfart. Derfor arbeider ein aktivt for å vidareutvikle og styrke det multilaterale handelspolitiske samarbeidet.

Regjeringa legg vekt på at ein prøver å løyse konkrete handelspolitiske problem innanfor ramma av det internasjonale traktat- og regelverket som finst.

Det gode samarbeidet med landa i Vest-Europa har vore ført vidare ved tosidige kontakta gjennom det nordiske samarbeidet og i EFTA. Tilhøvet mellom Noreg og EF er ope og prega av samarbeidsvilje og ganske stor aktivitet.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å fremje norsk eksport, m.a. ved samarbeidsavtaler, delegasjonsreiser, forhandlingar om eksportprosjekt, regionalmøte for utanrikstenesta og gjennom nordisk samarbeid om prosjekteksport.

Det har vore lagt stor vekt på utviklinga av det tosidige handelssamkvemmet med Sovjetunionen, andre austeuropeiske land og Kina. Samarbeidet på olje- og energisektoren med Sovjetunionen og Kina utviklar seg tilfredsstilande.

Regjeringa ser det som ei viktig handelspolitisk målsetjing å få del i marknadene i utviklingslanda. Sentrale verkemiddel i denne samanhengen er næringslivsdelegasjonar med offisiell leiing og særleg avtaler om teknisk, økonomisk og industrielt samarbeid. Vi har i dag samarbeidsavtaler med 13 land. For å gjere det lettare for oss å komme inn på marknadene i den tredje verda og nytte dei best råd er, har Regjeringa sett det naudsynt å leggja tilhøva til rette for auka import frå utviklingslanda.

Etter rådføringer med organa i Stortinget og organisasjonane i næringslivet om den framtidige importreguleringa av tekstil- og konfeksjonsvarer, har Regjeringa i 1983 innleidd tosidige forhandlingar med Hong Kong, Singapore og Thailand. I påvente av ei endelig avklaring med omsyn til Noregs forhold til den forlenga internasjonale tekstilavtala i GATT (Multifiberavtala, MFA III), er globalkvotesystemet for innførsle av visse tekstil- og konfeksjonsvarer i samsvar med GATTs Artikkel XIG vorte forlenga til juli 1984.

I samsvar med vedtak i Stortinget har Regjeringa lagt ned eit stort arbeid i planlegging og førebuing for å få snudd plattforma «Alexander L. Kielland».

I dei fem første månadene i år har volumet som er omsett i detaljhandelen innanriks, i alt gått tilbake med 2,2 prosent samanlikna med same tidsrom i fjor.

Lov om handelsverksemde er endra slik at reglane om høve til å drive handel utanom den faste utsalsstaden er liberalisert og forenkla.

Regjeringa la i vårsesjonen 1983 fram ei medling om hovedretningslinjene for verksemda i Forsvaret i tida 1984–88. Meldinga skal avlyse dei fastsette retningslinjene for tidsrommet 1979–83, og representerer ei vidareføring av den forsvars- og tryggingspolitikken vi no fører.

Dei store materiellprosjekta som pregar materialprogrammet i Forsvaret held fram i samsvar med dei planane som er trekte opp. F-16-prosjektet nærmar seg no slutten; $\frac{3}{4}$ av flya er alt mottekne og operative i det norske forsvaret.

Det er teke avgjerd om kjøp av rakettluftvern til dei viktigaste flyplassane og om kjøp av avdelingsluftvern til Hæren og Sjøforsvaret.

Kystartilleriutbygginga og utviklinga av sjømålsraketten Penguin merke 3 til F-16 held også fram etter planane.

Det er inngått industriavtaler mellom norske styresmakter og utanlandske industriverksemder i samband med kjøpet av undervassbåtar, luftvernakettsystemet Robot 70 med radar og våpenkontrollsistem til kystartillerikanonane.

Arbeidet med utbygginga av verkstadene for Hæren på Trandum og i Bjerkvik er sett i gang.

Noreg tek framleis del i FN-styrken i Libanon og sender observatørar til etablerte FN-misjonar.

Lovføresegr og forskrifter om omgående hjelp i det psykiske helsevernet vart sett i verk pr. 1. januar 1983.

Det er framlagt ei ny ekspropriasjonserstatningslov som sikrar full erstatning i samsvar med dei krava grunnlova set.

Overskjønn er ført inn att.

Prinsippet om open saksbehandling i forvaltninga er styrkt med ei ny lov om tilgjenge til offentlege dokument.

Rein forsømming av betaling av meirverdiavgift, det vil seie at betalinga kjem for seint eller ikkje kjem inn, er ikkje lenger straffbart.

Arbeidet for å motverka kvinnemishandling, hallikverksemde og narkotikalovbrott er intensivert. Ein omfattende handlingsplan med narkotikaproblema er sett i verk. Holdningskampanjen mot narkotikamisbruk held fram, og det er gjeve monalege statstilskott i 1983 til informasjonsopplegg og ulike holdnings- og miljøskapande tiltak over heile landet. Det er skipa ein landsomfattande database for lover og forskrifter. Sikringstiltaka

mot større ulykker og katastrofar er styrkte ved at Hovudredningssentralen er bygd ut.

Folkemengda var 4 130 000 pr. 1. juli 1983, det vil seie 0,33 prosent større enn på same tid i fjor.

Gjennom dei tre siste åra har arbeidsmarknaden vorte klart slappare. Når ein ser bort frå vanlege sesongsvingingar, har det sidan 1980 vore ein sterk auke i den registrerte arbeidsløysa. Ved utgangen av august i år var det 68 700 registrerte arbeidslause.

Den sterke veksten i sysselsetjinga fram til byrjinga av 1981 er avløyst av stagnasjon og nedgang. Nasjonalrekneskapstal syner at talet på årsverk auka med 29 000 i 1980 og 8 000 i 1981. Førerels tal for 1982 syner ein nedgang på 9 000. Arbeidskraftundersökingane til Statistisk sentralbyrå (AKU) viser ein auke i talet på sysselsette personar frå 1981 til 1982 på 14 000.

Hittil i 1983 har arbeidsløysa etter norske forhold halde seg på eit høgt nivå. I 1. halvår vart det i gjennomsnitt registrert 62 800 arbeidslause (41 700 menn og 21 100 kvinner), det vil seie 3,7 prosent av arbeidsstyrken. Det var i 1. halvår i år 26 600 (73 prosent) fleire arbeidslause enn eitt år tidlegare.

Arbeidsløysa har auka sterktare for menn enn for kvinner. Vidare har arbeidsløysa auka sterkest i aldersgruppene 20–49 år. Det gjeld begge kjønn, men auken er særleg sterkt for menn i alderen 20–24 år.

Talet på permitterte (rekna med i arbeidsløysetalet) auka sterkt mot slutten av 1982, og ved årsskiftet 1982–83 utgjorde dei permittere 16 000 eller 24 prosent av dei som var registrerte som ledige. Utover våren og sommaren har omfanget av permitterte gått ned til 8 000 ved utgangen av august, det vil seie 12 prosent av den totale arbeidsløysa.

I første halvår i år mottok Arbeidsdirektoratet førehandsmelding om driftsinnskrenkingar som i alt gjekk ut over 33 600 personar, mot 24 300 i same perioden i fjor.

Samstundes som arbeidsløysa har auka, har talet på ledige plassar som vart melde til arbeidskontora, gått klart ned.

Løvvingane til særlege sysselsetjingstiltak tek dels sikte på å møte dei meir tradisjonelle problema ein alltid står overfor på arbeidsmarknaden, og dels å møte dei meir ekstraordinære forholda som kjem av konjunkturutviklinga og strukturendringane i næringslivet.

Til dei ulike arbeidsmarknadstiltaka (sysselsetjings-, opplærings- og attførungstiltak m.m. og administrasjon) er det for budsjettet 1983 løvt 1 457 millionar kroner over det ordinære budsjettet og 1 180 millionar over beredskapsbudsjettet.

Til dei kommunale og fylkeskommunale sysselsetjingsprogramma, som Regjeringa lanserte i februar 1983, er det løvt 465 millionar kroner. Dei er fordelt med 415 millionar kroner til lønstilskott, 40 millionar kroner til driftstilskott og dertil 10 millionar kroner til kombinasjonsløysingar som gjeld ekstraordinære kommunale arbeid.

I gjennomsnitt for 1. halvår 1983 var det sysselsett 29 600 personar i arbeidsmarknadsstiltak. Det er 11 200 fleire enn i den tilsvarende perioden i 1982. Ved utgangen av juni var det sysselsett 20 500 personar, eller 9 900 fleire enn i juni 1982.

Det er sett i gang ei større samordning av attføringsapparatet med sikte på å hjelpe fleire yrkeshemma til å få arbeid. Ein er i ferd med å setje i verk og planleggje nye tiltak for dei som stiller særleg svakt på arbeidsmarknaden.

Førerels oppgåver over varebyte med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei åtte månadene av 1983 var 59,7 milliardar kroner, eller 0,2 milliardar kroner mindre enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (utanom skip) var 80,3 milliardar kroner, eller om lag 11,4 milliardar større enn i januar–august 1982. Av utførsla i dei første åtte månadene i år utgjorde råolje og gass 41,8 milliardar kroner, mot 34,6 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Nettoeksporten av varer i alt auka med 6,1 milliardar kroner, medan nettoeksporten av tenester i alt gjekk ned med 1,6 milliardar kroner. For renter og stønader var det eit underskott i januar–juni 1983 på 9,1 milliardar kroner mot 8,4 milliardar kroner i same perioden i 1982. Overskottet på driftsrekneskapen for januar–juni 1983 vart motsvara av ein netto utgang av langsiktig kapital på 7,3 milliardar kroner og ein netto inngang på kortsiktig kapital på 0,4 milliardar kroner.

For perioden januar–juni 1983 var det eit overskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 6,9 milliardar kroner mot 3,1 milliardar kroner i januar–juni 1982.

For jordbruksdelen veksttilhøva vekslande sommaren 1983. Etter ein våt vår, fekk Sør-Noreg sterkt sommartørke. I Trøndelag var veksten god fram til midten av juli, men bergingstilhøva vart vanskelege på ettersommaren og høsten. Nord-Noreg fekk svært store nedbørsmengder og låg temperatur i juli og august. For landet under eitt reknar ein med kornavlingar noko under eit normalår, medan grasavlingane ser ut til å bli over det normale.

I skogbruksdelen vart det avverka 8,7 millionar kubikkmeter tømmer og ved til sal i driftsåret 1981–82. Førerels tal syner at avverkinga for

1982–83 ligg om lag 0,9 millionar kubikkmeter lågare.

Utbryttet av fisket var 1. halvår 1,4 millionar tonn (rund vekt), mot 1,3 millionar tonn 1. halvår 1982. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2 110 millionar kroner, som er om lag 30 millionar meir enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag 38 000 tonn mindre og av lodde om lag 185 000 tonn meir enn til same tid i fjor. Av industrifisk er det teke om lag 15 000 tonn meir enn til same tid i fjor. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk opp frå 2 579 millionar kroner i første halvår 1982 til 3 514 millionar kroner første halvår 1983.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var det ein produksjonsauke på 3 prosent i dei sju første månadene i 1983 i høve til same perioden i 1982. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 10 prosent, medan industrinæringerne synte 3 prosent nedgang frå 1982 til 1983. Kraftforsyninga auka med 10 prosent i høve til same perioden året før.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1982 var det ein produksjonsnedgang på 0,5 prosent i dei utekonkurrerande og 4,7 prosent i dei heimekonkurrerande næringane. I skjerma industrinæringer synte produksjonen ein svak auke i same tidsrommet.

I dei sju første månadene i 1983 var produksjonen av olje og gass 31,6 millionar tonn oljeekvivalentar. Det er ein auke på 2,3 millionar tonn i høve til same perioden i fjor.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1982 7 914 millionar liter, ein nedgang på 4,8 prosent frå 1981. I dei sju første månadene i 1983 var totalsalet 4 293 millionar liter, som er ein nedgang på 5,2 prosent i høve til same tidsrommet i 1982.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1982 var 93,1 milliardar kilowatt-timar. I dei sju første månadene av 1983 var produksjonen om lag 60,3 milliardar kilowatt-timar mot 54,6 milliardar kilowatt-timar i same tidsrommet i fjor, ein auke på 10,4 prosent.

Totalt bruttoforbruk av elektrisk kraft har i første halvår 1983 auka med 2,3 prosent i høve til første halvår 1982. Auken i den tilsvarende perioden for det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning har vore om lag 3 prosent.

Ser ein på tolvmånadersperioden juli 1982 t.o.m. juni 1983, var forbruket av kraft 88,1 milliardar kilowatt-timar, ein nedgang på 0,9 prosent i høve til same perioden året før. Desse tala er ikkje temperaturkorrigerte.

I dei sju første månadene av 1983 vart det sett i arbeid 17 724 bustader og fullført 17 647 bustader. Pr. 31. juli var det 33 813 bustader i

arbeid. Samanlikna med 1982 var det ein nedgang på 6,5 prosent for bustader som vart sette i arbeid, 10,7 prosent for fullførte bustader og 1,3 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske var byggjeverksamda for dei sju første månadene om lag den same som året før.

Handelsflåten minka med 1 354 000 bruttonett i første halvår i år og var på 18,7 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i første halvår med 643 000 bruttotonn.

Ved utgangen av 1982 var det ved utanlandske verksteder skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 1,3 millionar bruttotonn. Dette var ein nedgang på 0,7 millionar bruttotonn frå utgangen av 1981. Samstundes var det ved norske verksteder for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,2 millionar bruttotonn. Det var om lag halvparten av kontraktsmassa ved utgangen av 1981.

Før tørrlastskipa gjekk fraktratane ned i 1982 og dei har vore tilnærma konstante i 1983. Ratane for tankskip har òg vore dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa.

Dei dårlege ratane for store tankskip har ført til en auke av skip i opplag. Ved utgangen av juni låg 64 skip på til saman 4,9 millionar bruttotonn i opplag. Dette er 26,2 prosent av handelsflåten, mot eit opplag på 23,5 prosent ved utgangen av juni i fjor.

Sommaren 1983 var det 33 norskregistrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene gjekk noko ned i 1982 samanlikna med rekordåret 1981.

Detaljomsetnaden auka med 6,5 prosent i verdi dei sju først månadene i 1983 i høve til same perioden året før.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadane 6,1 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden året før, og produsentprisindeksen 7,5 prosent høgare.

Prisane stig nå mindre enn før. Frå august 1982 til august 1983 var stigninga i konsumprisindeksen 7,6 prosent mot 11,0 prosent året før.

Det er gjennomført ei rekkje kredittpolitiske tiltak det siste året.

Finansinstitusjonane har hatt høve til å stille garantiar for lån på den uregulerte kreditmarknaden. På grunn av sterkt vekst i desse utlåna er slike garantiar frå årsskiftet underlagt direkte regulering.

Renta på 5-årige obligasjonslån i staten er i første halvår av 1983 redusert frå 12½ prosent til 12¼ prosent. Dette har ført til ein om lag tilsvarende reduksjon i rentenivået for private og kommunale obligasjonslån.

I juni 1983 la finansministeren fram ei fråsegn om rentenivået på utlåna i forretnings- og sparebankar og livstrygdelag. I denne fråsegna vart rentenivået på kortsiktige lån frå forretnings- og sparebankane justert ned med 1,1 prosenteiningar til 13,1 prosent, medan rentenivået på mellomlange og langsigte utlån frå forretnings- og sparebankane vart redusert med 0,5 prosenteiningar til 12,0 prosent. Rentenivået for livstrygdelag vart halde uendra på 12,0 prosent. Samtidig vart renta på statskassevekslar redusert med 0,5 prosenteiningar til 10,75 prosent for 90-dagarsvekslar.

For å sikre gjennomføringa av det kreditt-politiske opplegget tok ein i juni 1983 i bruk § 8 i kredittlova om tilleggsreservekrav overfor sparebankane. Dette fører med seg at omfanget av utlånet i kvar bank blir direkte regulert. Samstundes vart utlåna i finansieringsselskapene i form av factoring og leasing underlagt direkte regulering.

I juli 1983 vart også forretningsbankane underlagt reglane i kredittlova om tilleggsreservar.

Det vedtekne statsbudsjettet medrekna folketrygda for 1983 er karakterisert ved ei moderat innstramming i det finanspolitiske opplegget samanlikna med opplegget for 1982. Frå første halvår 1982 til første halvår 1983 steig driftsutgiftene og utgiftene til investeringar med 10,1 prosent medan overføringane auka med 15,3 prosent.

Dei samla utgiftene medrekna lånetransaksjonar var 94,7 milliardar kroner i første halvår 1983. I same tidsrommet var overskottet på statsbusjettet medrekna folketrygda 3,8 milliardar kroner, eller om lag 1 100 millionar kroner mindre enn i første halvår året før.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1982 tilsegn om lån med 664,9 millionar kroner, tilsegn om garantiar for lån med 251,9 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med i alt 411,2 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om 65,3 millionar kroner i tilskott til flytting, opplæring, undersøkingar og planlegging. Av dei samla tilsegnene frå fondet på 1 393,3 millionar kroner gjekk 37,1 prosent til Nord-Noreg.

Pr. 30. juni 1983 er det gjeve tilsegn om lån med 341,3 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med 212,9 millionar kroner.

I 1982 vart det frå kap. 550, kommunale utbyggingsstiltak, gjeve tilsegn om tilskott på i alt 217,1 millionar kroner. Dette fordelte seg slik på dei einskilde postane:

Tilrettelegging for nye arbeidsplassar	170,5 mill. kr
Vassverk	42,4 mill. kr
Kaier	4,2 mill. kr

For 1. halvår 1983 er dei tilsvarende tala 45,1 millionar kroner, 17,1 millionar kroner og 0,9 millionar kroner.

Selskapet for industridekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg. SIVA har dessutan teke del i planlegging og utbygging av andre utleige- og industriprosjekt. I alt hadde selskapet pr. 30. juni 1983 bygd ut om lag 200 000 m² industrilokale. I desse lokalene var det pr. 31. desember 1982 i alt sysselsett 3 496 personar.

Under ordninga med regional transportstønad vart det i 1982 utbetalt 120,5 millionar kroner.

For 1983 la Regjeringa i Nasjonalbudsjettet opp til same aktivitetsnivå i kommuneforvalninga som i 1982.

Veksten i den kommunale aktiviteten ser no ut til å verte noko større enn Regjeringa på førehånd hadde lagt til grunn i budsjettopplegget sitt. Den viktigaste grunnen til dette er at pris- og lønnsstigninga vil bli lågare enn ein tidlegare rekna med og at realverdien av dei statlege overføringane aukar.

Sjølv om det er grunn til å tro at både kommunar og fylkeskommunar no i større monn har greidd å tilpasse seg ein situasjon med avgrensa inntekts- og kredittrammer, er det framleis skilnader i den økonomiske evna til å opparbeide eller halde ei tilfredsstillande kommunal- og fylkeskommunal tenesteyting.

Det går for seg eit monaleg produktivitets- og regelforenklingsarbeid i kommunesektoren.

For å styrke det kommunale sjølvstyret og for å redusere dei statlege reguleringane som fører til løysingar i kommunesektoren som krev større kostnader enn det er naudsynt, har Regjeringa sett i gang eit arbeid med slike på å forenkle det regelverket ein no har.

Det er lagt fram ei rekkje framlegg til forenklingar som vil kunne føre til innsparingar for kommunar og fylkeskommunar.

Pr. 1. april 1983 var det busett 91 300 utleddingar i Noreg. Det var nære på 4 000 fleire enn på same tid i fjar.

Det er vedteke å skipe eit kontaktorgan for innvandrarar hausten 1983.

Utviklinga av det samla innanlandske persontransportarbeidet har synt vekst det siste året, etter ein nedgang i slutten av 70-åra. Veksten har komme som eit resultat av at transportarbeidet for personbilar har auka, medan den kollektive transporten har hatt nedgang. Dette har ført til at den delen av det samla transportarbeidet i Noreg som fell på dei kollektive transportmidla, har gått tilbake siste året. I 1980 og 1981 var kollektivdelen 26,2 prosent – den høgaste på 10 år. I 1982 var den på 25,2 prosent. Dette er eit brott på utviklinga dei siste åra.

Omfanget av godstransportarbeidet innan-

lands var siste året om lag det same som året før.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1982 83 376 kilometer, ein auke på 894 kilometer frå året før.

Av riksvegnettet har 90,9 prosent fast dekke. Totalt har 60,5 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke.

Som eit resultat av medveten satsing auka 10-tonnsvognetet raskare enn ein har gått ut frå i Norsk vegplan. Fleire viktige lange transportruter vart opna for 10 tonns akseltrykk: Oslo – Trondheim, Oslo – Florø og Stavanger – Bergen. Pr. 1. juni 1983 kan om lag 40 prosent av vegnettet trafikkerast av kjøretøy med akseltrykk på 10 tonn. 99,8 prosent av riksvegnettet kan trafikkerast med 8 tonns akseltrykk.

I 1982 vart 184 nye og ombygde bruer på riksvegane med ei samla brulengde og bruflate på 4 124 meter og 31 715 m² avslutta og opna for trafikk. Av desse bruene er 112 nye anlegg og 72 ombyggingar av gamle bruer. Av større bruanlegg kan ein nemne Fosselandbru i Vest-Agder, Mjåsundbru i Rogaland, Haglestrandbru på riksveg 564 i Hordaland, Soggebru i Møre og Romsdal og Henningsværbru på riksveg 816 i Nordland som vart opna for trafikk sommaren 1983.

Gjennomslag i Holmestrandtunnelen på Europaveg 18 i Vestfold fann stad i januar 1982 og tunnelen vart opna for trafikk 14. mai 1983. Av større anlegg elles kan ein nemne at ein del av det nye Smestadkrysset på riksveg 160 i Oslo vart opna for trafikk i juli 1983.

Den 2 860 meter lange Vardøtunnelen, Noregs første undersjøiske vegtrafikk-tunnel, vart opna for trafikk 22. desember 1982. Noregs hittil lengste vegtunnel, Høyanger-tunnelen på 7 522 meter på riksveg 14 i Sogn og Fjordane vart opna i mai 1982. I Austmannalia i Hordaland er det bygd ferdig 800 meter tunnel og 2 km veg, noko som har betra trafikktryggleiken monaleg. Anlegget er heilt ut bompengefinansiert.

I 1982 vart det bygd 150 km gang- og sykkelvegar langs riksvegane, og ein har i dag ei samla lengd på 1 010 km.

Ved utgangen av 1982 var talet på registrerte kjøretøy om lag 2,2 millionar, ein auke på 5,6 prosent frå året før. Ved utgangen av året var biltettleiken 3,06 menneske pr. personbil.

Vegtrafikken i Noreg auka med 4,7 prosent i 1982 etter to år med nesten stillstand.

Medan utviklinga i trafikktryggleiken i mange år har synt framgang, gjev tala for 1982 ikkje eit like gunstig bilute. Talet på skadde er førebels på i alt 9 882. Dei endelege tala vil då truleg syne seg å bli dei same som

for 1981. Men talet på drepne gjekk opp med 64 til 402.

Den samla rutelengda i ferjesambanda pr. 31. desember 1982 var på 2 378 km fordelt på 165 samband. Desse vart trafikkerte av 253 ferjer med til saman 8 120 personbilplassar. Det vart frakta om lag 2,1 prosent fleire bilar og 1 prosent færre personar enn året før.

Sjøtransporten er det viktigaste transportmiddelet for frakting av gods over lange avstandar. Transportarbeidet er rekna til 8,5 milliardar tonnkilometer i 1982, det vil seie 54,7 prosent av det totale innanlandske godstransportarbeidet. Sjøtransporten har hatt både ein absolutt og relativ nedgang i transportmarknaden siste året.

Kystrutene hadde i 1981 8,3 prosent nedgang i talet på passasjerar. Snøggruta Bergen – Kirkenes, som er ein del av kystrutene, hadde ein nedgang på 9,2 prosent i 1981 og heile 17,5 prosent i 1982. Passasjertalet er no nede i 277 000 mot 400 000 i 1978. Ved årsskifte 1982–83 vart det sett inn tre nye snøggruteskip i trafikken mellom Bergen og Kirkenes.

Transportarbeidet på jernbanen målt i personkilometer gjekk samla ned med 7,5 prosent i 1982 til 2 242 millionar personkilometer. Den innanlandske trafikken gjekk ned med 7,3 prosent, trafikken til og frå utlandet med 11 prosent. Samanlikningsåret, 1981, var eit rekordår.

Godstrafikken utanom malmtransporten på Ofotbanen utgjorde i alt 2 062 millionar tonnkilometer i 1982. Det er ein nedgang på 6,1 prosent frå 1981. Vognlaster i lokal norsk trafikk gjekk ned med 6,3 prosent til i alt 1 476 millionar tonnkilometer. Nedgangen galdt særleg transportar til og frå treforedlingsindustrien og samlastgods. Vognlaster i samtrafikk med utlandet gjekk ned med 5,4 prosent. Malmtransporten på Ofotbanen gjekk ned også i år. Nedgangen var på 5,3 millionar tonn eller om lag 34 prosent frå 1981.

Ei stortingsmelding om drift og investeringar ved jernbanen fram til 1990 vart lagd fram for Stortinget 6. mai 1983.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, uttrykt i tilbodne setekilometer, auka med 3,9 prosent i 1982. Talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner, auka i 1982 med 9,2 prosent. Trafikken på stamruteplassane auka med 9,8 prosent, medan trafikken på dei andre plassane gjekk opp med 0,8 prosent. Omlegging av flyrutene på Nord-Noreg frå 2. mai 1983 har ført til ein auke i kapasiteten over polarsirkelen med om lag 30 prosent. Fleire nonstop-samband mellom Oslo og trafikksterke stader i Nord-Noreg er oppretta samstundes som ein

har betra dei interne sambanda i Nord-Noreg ved å setje inn to nye DHC-7-maskinar. Som ei følgje av dette har flytrafikken med SAS over polarsirkelen auka med om lag 20 prosent rekna i talet på passasjerar i perioden mai til juni månad 1983. Den samla godstrafikkmengda over norske lufthamner auka med 19 prosent i 1982 til drygt 58 000 tonn.

Arbeidet med den nye 4. etasjen på Fornebu vart ferdig i 1982. Det same vart ein ny og ombygd ekspedisjonsbygning på Værnes. Dette har gjort det mogleg med meir rasjonell drift og betre komfort for dei reisande og dei tilsette. Nytt flysikringsanlegg ved Sola vart teke i bruk våren 1983. Anlegget er det største i norsk flysikringsteneste til no.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1982 53,2 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar mot 49,3 året før. Pr. 31. desember 1982 var 98,8 prosent av telefonapparata knytte til automatiske telefoncentralar mot 98,4 prosent ved utgangen av 1981. 93,8 prosent av den innanlandske telefontrafikken vart avvikla automatisch i 1982 mot 91,7 prosent i 1981. Netto inntak av telefonabonnementar var om lag 119 500, mot 98 000 året før. Ventelistene for telefonabonnement vart reduserte frå førra året med 35 000 til 40 900 ved årsskiftet 1982–83. Det var i 1982 ein auke i alle trafikkgreinene i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken som minkar frå år til år.

På Eik i Rogaland vart det sett i drift ein heilautomatisk stasjon for satellittkommunikasjon med handelsflåten – den første i sitt slag i verda. Nord-Europas kraftigaste kringkastingsendar på Kvitsøy utanfor Stavanger vart også opna. Nordmenn i utlandet og sjøfolka våre i Europa, Indiahavet, Australia, Japan og Austen får no langt betre radiodekking enn tidlegare. I 1982 vart den automatiske mobiltelefonen opna på Sør- og Vestlandet, slik at den no dekkjer storparten av Sør-Noreg. Driftsoverskottet vart det beste i Televerket fram til i dag, nær 644 millionar kroner.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av, er rekna til 1 497,4 millionar sendingar. Dette er ein auke på 0,3 prosent frå året før. 69,3 prosent av dette er brevpost.

Ved utgangen av 1982 var det i drift 2 795 faste poststader og 7 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader gjekk ned med 41. Dessutan var det 28 landpoststasjonar og 32 postfilialar i verksemd.

Ved å utvide landpostrutenettet har ein kunna tilby posttenester til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Etter avtale med stiftelsen Norsk Rikstoto er Postverket hovudkommisjonær og transportør for selskapet. Tenesta kom i gang frå

den 23. oktober 1982. Det er vidare sett i gang prøveordning med overføring av brev ved telettransmisjon under namnet postfax. 10 postkontor og 11 telestasjonar er med i ordninga.

Produktivitetskampanjen i den statlege verksemda er fullført. Med denne kampanjen er ein vorten meir merksam på kor viktig det er med auka produktivitet, og den har ført til ei rekke praktiske tiltak.

Regjeringa har sett i gang «Aksjon Publikum» for å gjere all offentleg verksemd meir retta mot dei krav, ønske og behov som publikum har. Det er utarbeidd ein handlingsplan som grunnlag for arbeidet i statlege og kommunale verksemder, og det er sett i gang forsøksprosjekt i ni prøvekommunar. Aksjonen, som skal vare ut 1985, vil legge vekt på opplæring av personalet, betre informasjon til publikum, større effektivitet og betre personleg service.

Regjeringa har vedteke å gjennomføre systematiske områdegjennomgangar for å finne ut kva som kan gjerast meir effektivt i forvaltninga. Parallelt med førebuingane blir det gjennomført rasjonaliseringsprosjekt på spesielle felt i forvaltninga der ein meiner det er mogleg å oppnå større effektivitet.

Regjeringa har lagt stor vekt på arbeidet med å få bort unødige reguleringar og gjere det regelverket ein no har, enklare. Ein har innskjerpa plikta som forvaltninga har til å gjere greie for dei økonomiske og administrative følgjene av dei offentlege tiltaka det blir gjort framlegg om.

Arbeidet med sanering og effektivisering av dei mange offentlege styra, råda og utvala har gjeve gode resultat, og vil bli ført vidare.

Ved lov av 25. mars 1983 nr. 12 vart § 21 i likestillingslova (representasjon av begge kjønn i alle offentlege utval) endra. Reglane i denne paragrafen skal no handhevast av Likestillingsombodet når det gjeld kommunale og fylkeskommunale utval.

Lovendringa inneber vidare at det blir gjort unntak frå minsteregelen om minst to representantar av kvart kjønn dersom valet går for seg som høvetalsval.

Ved kongeleg resolusjon av 22. juli 1983 vart det vedteke nye forskrifter om representasjon for kvinner og menn i statlege utval. Etter forskriftene skal utval m.m. som blir oppnemnde av andre statlege organ enn departementet og i statsråd, sendast til fagdepartementet til godkjenning før oppnemninga. For departementsoppnemnde utval eller utval oppnemnde i statsråd, skal som tidlegare Forbrukar- og administrasjonsdepartementet handheve reglane.

Lovendringa og forskrifta tok til å gjelde 1. august 1983.

Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

17

1983. 3. okt. – Åpning av det 128. ordentlige Storting

Til no har om lag 270 kommunar likestilingsutval. Ei handbok for kommunale likestilingsutval er under utarbeiding.

Forbrukar- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd ei årbok om offentleg likestillingspolitikk i 1982. Boka gjev eit samla oversyn over likestillingsarbeidet i alle departement og offentlege etatar. Boka vil ligge føre hausten 1983.

Det er gjeve økonomisk stønad til forskning, forsøks- og opplysningsverksemd på område som gjeld levekåra for familiær, oppvekstkår for barn, tilhøva for kvinner og likestilling mellom kjønna. Det er gjeve økonomisk stønad til familie- og kvinnesaksarbeidet i private organisasjonar. Ein har m.a. støtta «Opplysningskampanjen – Kvinner og valet 1983».

Våren 1983 vedtok Stortinget endring av barnehagelova. Den viktigaste endringa var innføring av kristen formålsparagraf.

Det går no om lag 86 000 barn i barnehagar og om lag 3 000 i fritidsheimar. Staten gjev tilskott til drift av barnehagar, medrekna særlege tiltak for funksjonshemma barn, morsmålstrening for framandspråklede barn i barnehagar, og barnahagar for barn til nymkomne flyktningar.

I 1983 er det fordelt om lag 20 millionar kroner til lokale tiltak for barn og unge. Fylkesmannen har fordelt midlane etter prioritert samlesøknad frå kommunen.

Det er eit hovudmål for prisstyresmaktene å hjelpe til å fremje effektiv konkurranse i næringslivet. For å nå dette målet skal prisstyresmaktene gjennomføre tiltak som motverkar konkurransereguleringar i næringslivet og føre aktivt tilsyn med dei konkurranse-reguleringane som finst.

Ein del dispensasjonar frå forbodet mot prissamarbeid er dregne attende og ein vurderer å oppheve fleire. Dette gjeld m.a. unntaka for bank og trygding.

Prisreguleringsordningar som ein meiner ikkje lenger i hovudsaka har positiv verknad, skal ein vurdere å ta bort eller få erstatta med enklare system for fastsetjing av priser.

Prisforskriftene for overdraging og bortfeste av fast eigedom og byggjeprisforskriftene er tekne bort. Det same gjeld forskriften om maksimalavansar for bensin og autodiesel og maksimalprisordninga for cement. For burettslag som er knytte til bustadbyggjelag, gjeld nye forenkla prisforskrifter frå 1. september 1983. Ei rekkje kommunar er etter eige ønske vorte fritekne for reguleringa.

Arbeidet med å avgrense sur nedbør og verknadene av den har halde fram i perioden. Konvensjonen om langtransportert grenseo-

verskridande luftforureining tok til å gjelde i mars i år og styringsorgana for konvensjonen vedtok i juni i år å gjennomføre ein monaleg reduksjon av svovelutsleppa i Europa.

Det er gjeve nye forskrifter for stoff og produkt som kan føre til helseskade. Reglane på dette området er no betre tilpassa behova i våre dagar enn tidlegare. Dei nye forskriftene vil vere eit viktig verkemiddel i vidareføringa av arbeidet mot helsefarlege stoff og produkt.

Eit nytt regelverk om utslepp av olje frå skip vart sett i verk 2. oktober 1983. Med det har Noreg følgt opp dei nyaste internasjonale konvensjonane på dette området.

Blyinnhaldet i høgoktanbensin vart frå 1. september i år redusert frå 0,4 gram bly pr. liter bensin til 0,15 gram. Risikoen for helse-skadar på grunn av blyforureiningar i lufta er dermed monaleg redusert.

Med stønad frå staten er det hittil gjennomført energiøkonomiseringstiltak i industrien som har ført til attvinnning av energi som svarer til 110 000 tonn olje eller om lag 1 TWh elektrisk kraft pr. år.

Eit handlingsprogram for attvinnning av avfall er utarbeidd og har vore ute til høyring.

I perioden er det oppretta 56 reservat og 1 landskapsverneområde. 2 botaniske arter er freda.

Ein har sikra 33 område for friluftsliv i ulike delar av landet.

Det er oppnemt eit råd for naturområda i Oslo og dei nærliggjande kommunane.

Eit regjeringsopnemt utval har komme med framlegg til ny planlov. Framlegga har vore ute til høyring, og arbeidet med lovposisjonen er sett i gang.

Som ledd i det programmet for stimulering av planleggingsarbeidet i kommunane som går for seg, er det gjort tiltak for enklare og kortare saksbehandling ved godkjenning av kommunale planar.

Eit nærmare handlingsprogram for hyttepolitikken er teke opp og er under utvikling. Dette programmet har konkrete tiltak som skal leggje tilhøva betre til rette for hyttebygging.

Kulturminnearbeidet har vore prioritert og viktige oppgåver er løyste i perioden. Fartøyvernet er skipa som eit nytt arbeidsfelt, og arbeidet med å registrere kulturminne er ført vidare med auka fart. Det er gjennomført 16 fredingar etter kulturminnelova og fire mellombels fredingar. Programmet for brannsikring av stavkyrkjene våre er i ferd med å bli gjennomført og i perioden er tre nye stavkyrkjer sikra.

Utgiftene til høgare utdanning og kulturformål på statsbudsjettet i 1983 er om lag 6,5

milliardar kroner. I tillegg blir det gjeve lån for om lag 2,5 milliardar frå Statens lånekasse for utdanning.

Talet på studentar i høgare utdanning er om lag 88 000. Av desse studerer om lag 5 000 i utlandet.

Ved dei regionale høgskolane er det hausten 1983 om lag 36 500 studentar. Det er då rekna med dei institusjonane som gjev utdanning på høgskolenivå av helsepersonell, som no har vel 8 200 studentar. Det er om lag 7 400 studentar ved distrikthøgskolane og 5 800 ved ingeniørhøgskolane. Det går nærmere 900 studentar i maritim høgskoleutdanning, og i haust er det sett i gang fiskeriteknisk høgskoleutdanning i Ålesund. Ved dei pedagogiske høgskolane er opptaket til allmennlærarutdanninga redusert. Det samla studenttalet ved desse høgskolane er no 12 300. Ein del av dei frigjorde ressursane går til etterutdanning og skoleutviklingsarbeid.

Det er no 14 institusjonar som gjev distrikthøgskoleutdanning. Statens hotellhøgskole er skipa som regional høgskole frå 1. januar 1983. I Troms er det sett i gang høgskoleutdanning av vernepleiarar i Harstad. Det er i gang byggearbeid ved Høgskolen i Alta og Nesna lærarhøgskole. I Stavanger blir det ført opp eit nybygg for høgare teknisk utdanning.

Ved universiteta og dei andre høgskolane er det hausten 1983 om lag 41 700 studentar. Med verknad frå og med studieåret 1983–84 er opptaket av nye studentar i medisin ved universiteta i Bergen og Oslo redusert med 25 studieplassar i høve til tidlegare år. Dei teknologiske studiane ved universitet og høgskolar er gjevne høgaste prioritet og søkeringa frå studentane er stor. For Universitetet i Trondheim er det vedteke ei ny lov.

Universitetet i Bergen vil frå hausten få samla undervisningsrom og lesesalar for Det juridiske fakultet i det nyinnreidde Dragefjellet skole som universitetet har kjøpt tidlegare.

Universitetet i Tromsø kan starte eit nytt undervisningsår med å flytte inn i nytt bygg for språk- og samfunnsfag i Breivika. Med dette byggjesteget vil hovudtyngda av universitetsverksemnda vere på plass i Breivika.

Til forskingsformål vart det i 1982 delt ut 310,6 millionar kroner av tippermidlane. Av dette fekk Noregs allmennvitakaplege forskingsråd 125,5 millionar, Noregs Landbruksvitakaplege forskingsråd 56,1 millionar og Noregs teknisk-naturvitakaplege forskingsråd 125,0 millionar kroner.

I 1982–83 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 2,9 milliardar kroner. Satsen for studiestønad til ele-

var og studentar er for undervisningsåret 1983–84 kr. 3 200 pr. månad.

Det er i år fordelt om lag 22,4 millionar kroner til bygging av studentbustader. Sammen vil gje om lag 300 nye hybeliningar. For 1983 er det fordelt 26 millionar kroner til sosiale og kulturelle tiltak for skoleungdom og studentar.

I 1983 vil 444 kunstnarar komme inn under ordninga med garantiinnntekt. Det blir gjeve stipend til 657 kunstnarar. I tillegg har 11 kunstnarar livsvarige kunstnarlønner. Til saman vil om lag 1 100 kunstnarar komme inn under stønadsordningane.

Ved dei fire symfoniorkestra som får statsstønad, er det no 249 faste musikarstillingar. Publikumsbesøket ved orkesterkonsertar var om lag 189 000 i 1982, og Rikskonsertane hadde eit besøkstal på om lag 1 million.

Dei teatra som har offentleg stønad, hadde i 1982 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 188 000. Av dette hadde Riksteatret 539 förestillingar for eit publikum på om lag 91 000. Publikumstalet ved kinoane var om lag 15 millionar. Av desse såg om lag 1 235 000 norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var om lag 23 287 000 i 1982, og musea vart vitja av om lag 3 839 000.

Nasjonalgalleriet vart i 1982 gjesta av om lag 111 000 personar. Riksgalleriet har hatt 26 utstillingar på vandring i 1982. Utstillingane vart synte på 350 stader, og vart vitja av rundt 102 000 menneske.

Det er gjeve vel 40 dispensasjonar frå kringkastingslova til å drive nærradio, og det er no faste nærradiostasjonar åtte stader i landet. Desse sender til saman rundt 335 timer kvar veke.

Det er tildelt sju dispensasjonar for kringkasting av lokale fjernsynsprogram og like mange for mottaking og kringkasting av dei såkalla OTS-sendingane.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1983, var på 223 millionar kroner. Dette er ein nedgang på 27 millionar kroner i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk 114,4 millionar kroner til idrettsanlegg, 98 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 10,6 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av summen til idrettsanlegg fordelt fylkeskommunane 106,5 millionar kroner. Det vart gjeve tilskott til i alt 761 anlegg, m.a. 33 idrettshallar, 12 symjehallar og 46 samfunnshus.

Kultur- og vitskapsdepartementet har i 1983 fordelt 19 millionar kroner i stønad til i alt 567 fritidsklubbar for barn og ungdom. Det

er ein auke på 127 klubbar i forhold til 1982. 176 kommunar har no fritidsklubbar, mot 132 for eit år sidan.

Departementet fordelte 20,6 millionar kroner til 71 barne- og ungdomsorganisasjonar.

I kyrkja er det no 1 084 prestestillingar og 68 kateketstillingar. Feltpreststillingane er her ikkje rekna med. Tilgangen på sokjarar til ledige stillingar i sentrale distrikt er tilfredsstilande. Til einskilde stillingar i Nord-Noreg og i mindre sentrale strøk er sokjargrunnlaget dårlegare.

I skoleverket er det i skoleåret 1983–84 i alt om lag 724 000 elevar, av desse om lag 558 620 elevar i grunnskolen og 166 000 elevar i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med 13 380 samanlikna med året før.

Stadig fleire funksjonshemma elevar får no oppplæring i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

Stimuleringsstiltaka for å betre lærarsituasjonen i Nord-Noreg har hatt god verknad i Nordland og Troms. For Finnmark synest situasjonen å vere noko betre enn tidlegare år.

I den vidaregåande skolen aukar enno sokjartalet av di ungdomskulla blir større og av di fleire sokjer skolegang fordi dei ikkje får arbeid. Også hausten 1983 har det derfor vore naudsynt å setje i verk spesielle tiltak for å skaffe plass til fleire elevar. Ved særtiltak er det skipa 603 klasser med om lag 10 650 elevplassar. Andre tiltak gjev 2 000 elevplassar i tillegg. Det vart også gjeve særtilskott til videreføring av 297 nye klassar, med 4 760 elevplassar frå hausten 1982.

Det er sett i verk stimulerande tiltak for å styrke fagopplæringa i arbeidslivet. Tilskottet til lærerverksemndene er dobla og arbeidet med nye ajourførte opplæringsplanar er komme godt i gang. Mange nye fag er komne til eller er under planlegging.

Frå skoleåret 1983–84 er det 87 folkehøgskolar.

Det har vore lagt vekt på å byggje ut førestegongsutdanninga for vaksne funksjonshemma i skoleverket. Særleg har det vore arbeidd med å betre tilboda til psykisk utviklingshemma som bur i institusjonar.

42 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Det er verksemd i 29 godkjende norske brevkolarar.

Det blir arbeidd med å utvikle nye fagplanar i arbeidsmarknadsopplæringa med sikte på full fagopplæring. Dette har særleg samband med omstillinga i industrien.

Grunnbeløpet i folketrygda er høgda i to etappar, med verknad frå 1. januar og frå 1. mai 1983. Samanlikna med 1. mai 1982 er grunnbeløpet auka med i alt 1 400 kroner og er no 22 600 kroner. Ved maireguleringa vart også satsen for særtillegg auka med 1,5 prosenteiningar.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfarttillegget vart også sett opp 1. januar og 1. mai 1983, i takt med høgdinga av grunnbeløpet i folketrygda.

Stønadssatsene i barnetrygda vart auka frå 1. januar 1983.

Minstegrensa for rett til sjukepengar var tidlegare 4 000 kroner. Det vart vidare ikkje gjeve sjukepengar for den delen av inntekta som var høgare enn 12 gonger grunnbeløpet.

Minstegrensa gjeld ikkje for retten til sjukepengar (sjukelønn) frå arbeidsgjevar i arbeidsgjevarperioden.

Med verknad frå 1. mai 1983 er det gjenomført ei ny og enklare ordning for stønad frå folketrygda til kjøp av bil til funksjonshemma. Det blir no ytt eit rente- og avdragsfritt lån innanfor ei fastsett prisramme og avhengig av årsinntekta. Det kan gjevast garanti for lån i bank til restfinansiering.

Frå 1. januar 1983 gjeld særlege satsar for grunnstønad frå folketrygda til å dekkje ekstra kosthaldsutgifter på grunn av sukker-sjuke.

Ved utgangen av 1981 var 9 218 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av dette var 3 934 «nye» vernetiltak som vart sett i verk i 1981. Tala for 1980 var 9 684 og 3 530.

Sosialkontora ytte sosialhjelp i nesten 70 000 tilfelle i 1981. Det er om lag 5 500 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 17 stønadstilfelle pr. 1 000 inbyggjarar mot 16 året før.

I 1981 var det i alt vel 30 400 som vart innlagde i alkoholinstitusjonar, og av desse om lag 15 700 i avrusingssitasjonar. Rundt 19 500 vart melde til edruskapsnemndene, av desse var om lag 2 000 kvinner.

Nærare 150 000 heimar fekk hjelp under hjelpeordningane for heimane i 1981 mot om lag 145 000 i 1980. Det var om lag 8 000 pensjonistar i aldersheimar.

I 1982 tok Noreg mot 800 flyktningar. Av desse var det 534 sør austasiatar og 41 latin-amerikanarar. Inntaket for 1983 vil bli på om lag 800 personar. Frå og med 1983 blir flyktningane som hovudregel tekne imot beinveges i kommunane der dei skal bu.

Situasjonen i primærhelsetenesta er endra radikalt gjennom dei siste par åra. Medan ein

tidlegare hadde heller mange ledige distriktslekestillingar utan søkjarar, har vi i dag søker til alle stillingar, også i Finnmark. Dette kjem m.a. av at tilgangen på helsepersonell av ulike slag har vorte betre, og av verknaden av reguleringslova.

Sosialdepartementet har arbeidd med å konkretisere den endelige funksjonsfordeilinga mellom statlege sjukehus og sjukehusa til Oslo kommune for regionhelsetenesta i helseregion 1 og 2.

Lovvedtak og føresegner om snøgg hjelp i det psykiske helsevernet vart sett i verk pr. 1. januar 1983.

Haldningskampanjen mot narkotikamisbruk held fram, og det er gjeve store statstilskot i 1983 til informasjonsopplegg og ulike haldnings- og miljøskapande tiltak over heile landet.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de opplest dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Stortingen var ikke samlet ved feiringen av Deres Majestets 80-årsdag den 2. juli i år. Derfor vil jeg gjerne benytte anledning i dag til å gjenta de hilsener og gode ønsker som Presidentskapet på Stortingets vegne brakte Deres Majestet på fødselsdagen. Vi føler alle takknemlighet og glede over den oppmerksomhet og interesse Deres Majestet alltid viser Stortingen og dets arbeid og over den nære kontakt og gjensidige respekt som i vårt land preger forholdet mellom kongehus og nasjonalforsamling.

Det 128. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, står overfor store og vanskelige avgjørelser i en tid som fremdeles preges av betydelige økonomiske problemer både her i landet og i andre land. Det vil

være en høyt prioritert oppgave for Stortinget å søke å motvirke den høye arbeidsledigheten og å sikre næringslivets utvikling. Dette vil stille store krav til representantenes evne til samarbeid og til å treffe beslutninger som kan bli til gavn for landet.

Den alvorlige internasjonale situasjon i flere deler av verden påkaller en betydelig innsats hvor også vårt land må delta med de midler som står til rådighet. Stortingets samvittighetsfulle medvirkning i dette arbeid er en selvfølge.

Trontalen viser at mange og store saker vil bli tatt opp til behandling i den kommende stortingssesjon. Det vil alltid være slik at det i mange av disse saker kan herske forskjellige oppfatninger blant representantene. Men hver enkelt av oss vil ha fedrelandets beste for øye, og vi vil bestrebe oss på at våre beslutninger skal kunne bli et bidrag til beste for vårt land og vårt folk og for alle dem som lever i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

Med vilje til å gjøre det beste for land og folk samles vi i det gamle ønske: Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Før dette møtet heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrrelse utlegges for å behandles i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.45.